



Det internasjonale Kvinnherad er ein særdeles god og interessann serie i Kvinnheringen

I Kvinnheringen sin gode serie **Det internasjonale Kvinnherad** har vi til no kunna lese interessante presentasjonar av 27 nye landsmenn frå ulike land. Denne serien er blitt svært godt mottatt og det er heldigvis meir å ta av. I 2013 budde det folk frå 51 ulike nasjonar i Kvinnherad. I dag får vi eit interessant møte med Abdirisaq Omar Macow og familien hans frå Somalia som flytta til Uskedalen like før påske.

Abdirisaq kom til Norge i 2013, og etter lang tid på fleire mottak, kom han til Kvinnherad og Herøysundet i november. Etter vel 3 månader i kommunen vart 4.mars ein dato han ikkje kjem til å gløyma. Då kom kona Rahma og dei to barna Riyana(3 år) og Abdalla(5 år) til Norge, og dermed var familien igjen samla. Det var i samband med denne gjenforeininga familien flytta til Uskedalen, og no bur dei sentralt i bygda, i Myro.

Abdirisaq er ein særdeles imøtekommande, positiv og hjelpsom kar. Han snakkar godt norsk etter eit par år, og seier at han trivest godt i Uskedalen sjølv om han ser fram til å verta kjend med fleire uskedalingane. Etter få veker hadde han lagt merke til dei hyggelege folka på butikken her.  
- Dei er veldig hyggelege, og hjelper alltid, seier han.

No håpar han at barna skal verta kjend med andre barn. Han fortel at dei ofte er på skulen og leikar om ettermiddagen, og han håpar dei kan verta med på ulike aktivitetar. Sjølv er han svært interessert i fotball og har lyst å vera med på old-boys treningar.

Eg håpar positive Abdirisaq og familien hans finn seg godt til rette i Uskedalen. Eg anbefalar alle om å lesa Kvinnheringen sin interessante presentasjon både i dag, og elles i den gode serien **Det internasjonale Kvinnherad** kvar mandag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland